

Arkiv: FA-K21**JournalpostID:** 26/15897**Saksbehandlar:** Torbjørn Brandsæter**Vedtaksorgan** Formannskapet

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Mottak av tunnelmassar frå Bredvatn kraftverk til utfylling i sjø i Sandane sentrum

Vedlegg

10.08.2026 Interessekartlegging for mottak av tunnelmassar frå Bredvatn kraftverk, Ålfoten

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet meiner at det er positivt at SFE kartlegg behovet for masse frå utbygginga av Bredvatn Kraftverk.

Formannskapet vurderer det som lite realistisk at Gloppen kommune kan vere klar til å ta i mot masse frå utbygging innan slutføringa av prosjektet. Formannskapet vel følgjeleg ikkje å gå vidare med saka på det noverande tidspunktet.

Formannskapet ber kommunedirektøren vurdere saka på nytt dersom kommunestyret eventuelt gjer vedtak om å legge til rette for bygging av cruisekai på Sandane.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med SFE AS sine planar om utbygging av Bredvatn kraftverk i Ålfoten har kommunen i brev av 8. april 2026 motteke informasjon om at prosjektet vil generere mellom 350.000 og 400.000 m³ tunnelmassar i perioden 2027–2030. SFE har signalisert at dei ønskjer

å finne samfunnsnyttige bruksområde for massane, og har invitert aktuelle aktørar til å melde si interesse innan august 2026.

Fakta i saka


I kommuneplanen sin arealdel for 2023–2035 er det sett av eit areal vest for Firda Billag sitt anlegg på Sandane til mogleg utfylling i sjø. Arealet er om lag 6 dekar, og er avsett til parkføremål. Bakgrunnen for arealavsettinga er mellom anna behovet for å utvikle nye sentrumsnære areal, styrke sjøfronten og skape betre kvalitetar i sentrumsområdet over tid.

Administrasjonen si vurdering i samband med kommuneplanarbeidet var at ei utfylling kunne vere eit aktuelt tiltak dersom det vart tilgang på eigna og rimelege massar. Vidare vart det peika på at ei meir organisk utforming av sjøfronten kan bidra til å auke attraktiviteten i området, betre bølgjeforholda og styrke området si motstandskraft mot havnivåstiging og stormflo.

Ved første gongs høyring av detaljreguleringsplan for fjordfronten, var utfylling i sjø til park inkludert i planforslaget. Statsforvaltaren fremja tydeleg fråsegn grunngjeve i manglande vurdering av biologisk mangfald og manglande vurdering av klimagassutslepp. Statsforvaltaren fremja også usemje med kommunen i at området skulle avsettast i kommuneplanen, fordi kommuneplanen sin arealdel vidarefører områdereguleringsplanen for Sandane sentrum, og ein meiner at dette overstyrer planformålet. Kommunen har i ettertid ikkje gjort vidare juridiske vurderingar knytt til denne usemja.

Etter at kommuneplanen vart vedteken, har Nordfjord Havn gjennomført undersøkingar av grunnforholda i området i samband med vurderingar av mogleg kaiutbygging. Desse undersøkingane indikerer at både utfylling og eventuell framtidig kaiutbygging teknisk sett kan vere mogleg. Nordfjord Havn vurderer at Sandane sentrum og Øyrane er moglege alternativ for å plassere ei cruiseskipkai.

Maksimal utfylling på 6 daa innanfor rammene av kommuneplanen, vil kunne nytte inntil 120 000 m³. Innanfor formålet om organisk form og tilpassing til eksisterande sjøfront, er det meir sannsynleg med 40 000 - 80 000 m³. Dette utgjer uansett berre ein mindre del av dei massane som vil bli tilgjengelege frå Bredvatn-prosjektet.



Eigedommane som vert direkte påverka av er eigd av Fico AS og Sandane Handelseiendom AS. Nordfjord Havn har vore i kontakt med FICO om vurdering lokalisering av cruiseskipkai på eit tidlegare tidspunkt, men eigarane har ikkje vore involvert i prosessen etter kommunen mottok brevet frå SFE.

Tidsplan

Administrasjonen deltok på eit møte med SFE 10. august. SFE fekk konsesjon til bygging av kraftverket i 2014, og byggearbeidet må startast opp hausten 2027. SFE skal gjere investeringsavgjerd i desember 2026. Konsesjonen tillet at alle massane frå prosjektet vert lagt i massedeponi i Åskåra, og det er no søkt om utsleppsløyve som er til behandling hos Statsforvaltaren. Massetransport og tunneldrift er planlagt frå hausten 2027 fram til utgangen av 2029. Kommunen trenger ikkje forplikte seg til mottak av massar.

Sidan konsesjonen tillet sjødeponi, har SFE mindre økonomisk insentiv til ombruk av massane enn ved tidlegare prosjekt. SFE er likevel innstilt på å bidra med transport av massar.

Reguleringsplan og andre prosesskrav

Dersom kommunen ønskjer å gå vidare med sikte på utfylling i sjø, må det lagast ein detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing. Prosesskrava vil variere noko avhengig av om tiltaket er innanfor parkformålet slik det er avsett i kommuneplanens arealdel, eller om det skal etablerast cruiseskipkai. Nokre tema som må vurderast med hjelp av ekstern kompetanse i ein detaljreguleringsplan for utfylling berre til parkområde er:

- *Områdestabilitet:* Området ligg i eit kartlagt fareområde der det er påvist sprøbrøtsmateriale/kvikkleire, og det må vurderast om det er behov for supplerande grunnundersøkingar. Det er uansett behov for vurdering av områdestabilitet og eventuelle tiltak.
- *Forureina sediment:* Det er behov for fysisk prøvetaking i sediment for å avdekke innhald av miljøgifter, og eventuelle tiltak som må gjerast i samband med utfylling (t.d. mudring eller tildekking av sediment).
- *Marint naturmangfald og vassmiljø:* Konsekvensar for marint naturmangfald og miljøforbetrande tiltak må vurderast. Naturtypekartlegging i sjø som vart gjennomført sommaren 2026 kan nyttast som kunnskapsgrunnlag, men må truleg supplerast med nøyare undersøking i planområdet. Konsekvensar for vassmiljø må òg vurderast.
- *Klimatilpassing og landskapsutforming:* Utforming av utfylling og parkområde, samt påverknad på landskapet vil vere eit viktig tema i ein reguleringsplan. Dette må sjåast i samanheng med klimatilpassing knytt til havnivåstigning/stormflo og bølgepåverknad.
- *Kulturminne:* Jf. kulturminnelova må det undersøkast om det er potensiale for å finne undersjøiske kulturminne som kan bli påverka av tiltaket. Bergen Sjøfartsmuseum via Vestland fylkeskommune må vurdere behovet for registrering, som i tilfelle blir utført av Bergen Sjøfartsmuseum.
- Støy i anleggsfase
- Klimagassutslepp knytt til massehandtering
- Kjøp av eigedommane
- Mfl.

Etter vedtak av reguleringsplanen vil det vere behov for:

- Løyve etter § 11 i forureiningslova (særskilt tillatelse til forurensende tiltak). Statsforvaltaren i Vestland er mynde for forureining i sjø. Ved eit eventuelt løyve kan dei stille vilkår om tiltak som avgrensar miljøskade, som t.d. siltgardin, tildekking, overvåking, tidsperiode m.fl.
- Løyve etter hamne- og farvasslova (Kystverket eller kommunen er mynde)
- Byggeløyve etter plan- og bygningslova (kommunen er mynde)

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planlegging, prosjektering og gjennomføring vil helt eller delvis finansierast som investeringsprosjekt.

Konsekvensar for klima og miljø

Det er nødvendig å gjere undersøkingar av fjordbotnen for å avklare konsekvensane for fjorden. Utfyllinga vil skje utanfor eksisterande fylling og kan dersom det blir gjort riktig og avhengig av eksisterande vassmiljø, føre til positiv eller negativ konsekvens for klima og miljø.

Sosiale konsekvensar

Avhengig av kva arealet vert nytta til.

Vurdering opp mot planverk

Området er avsett i kommuneplanen sin arealdel til utfylling i sjø, med formål park. Det må gjennomførast detaljregulering av området før eventuell utfylling.

Kommunedirektøren si vurdering

Tunneldriving av Bredvatn kraftverk i Ålfoten vil gi svært store overskotsmassar. Overskotsmasse vil vere relativt rimeleg å frakte på lekter til Sandane. Det er fleire tunnelprosjekt som er planlagt i Gloppen og området rundt, både frå veg og andre kraftverk, men desse massane er spesielt lett tilgjengeleg til utfylling i sjø fordi dei uansett må fraktast på lekter.

Det er avsett areal til utfylling i sjø til parkformål utanfor Sandane sentrum. Arealet vart avsett med sikte på å utnytte overskotsmassar frå denne typen prosjekt, men det vart spesielt tenkt på vegtunnelane i Gullkista og Jarbu. Sjøfronten på Sandane er tidlegare steinfylling. og er derfor ikkje naturleg i dag. Dette vil normalt sett være eit argument for at konsekvensen av utfylling er mindre enn ved naturleg sjølinje, men vi veit foreløpig lite om miljøet under vassflata.

Slik det kjem fram av fakta i saka vil ei eventuell utfylling krevje ein relativt omfattande reguleringsprosess, med ein betydeleg kostnad. Totalkostnaden vil variere ut i frå størrelsen på utfyllinga, kva fyllinga skal nyttast til og resultata frå undersøkingane. Kommunen vil ha behov for å nytte ekstern kompetanse til fleire delar av planlegginga. Kommunedirektøren oppmodar formannskapet til å være realistiske om kva ein slik prosess inneberer, men det er ikkje ein umogleg oppgåve. Det er svært lite tid til regulering og prosjektering. Dersom tidsplanen til SFE vert fylgt bør utfyllingsarbeidet starte på Sandane frå starten av 2029. Det gir 2 år til regulering og prosjektering frå investeringsavgjerda i styret til SFE i 2026.

Dersom formannskapet ønskjer å jobbe vidare med prosjektet, må kommunen sette av planleggingsmidlar i budsjettet slik at reguleringsarbeidet kan starte med full styrke frå januar 2027. Kommunen må bære den økonomiske risikoen for regulering. Dersom Nordfjord Havn IKS vel å bygge cruisekai basert på fyllinga, vil regulerings- og grunnkjøpskostnaden kunne innlemmast i prosjektet. Det er ikkje forhandla om dette med Nordfjord Havn.

Dersom det blir gjort riktig, vurderer kommunedirektøren at ei utfylling til cruisekai og park utanfor sentrum kan bidra til positiv utvikling på Sandane. Både for næringsliv og bumiljø. Tidsrammene for massetransport frå prosjektet gjer likevel at kommunedirektøren tilrår å ikkje gå vidare med prosjektet fordi det har for stor risiko knytt til økonomi og reguleringsplan.